

## **Landsmøte 2012**

### **Møteprotokoll**

Stad: Britannia Hotell, Trondheim.

Tidspunkt: 25.04.2012 kl 13.00 – 13.57

Tilstade: 17 stemmeberettiga medlemer.

#### **Saksliste**

1. Konstituering: Val av møteleiar, referent og representantar til å underskrive protokollen frå møtet.
2. Årsmelding.
3. Rekneskap.
4. Fastsettjing av kontingen.
5. Budsjett.
6. Handlingsplan.
7. Val av styre.
8. Val av valkomité etter framlegg frå styret.
9. Framlegg fremja av medlemer eller av styret.
  - 9.1. Framlegg om at LLP opner for personlege medlemskap.

#### **Sak 1. Konstituering**

Styreleiar ønskte forsamlinga velkomen. Forsamlinga vart spurta om innkalling og møteordenen kunne godkjennast. På vegne av styret innstilte styreleiar Terje Haram som møteleiar og Solveig Lindbach Jensen som bisittar. Innstillinga vart godkjend, og møteleiar fekk ordet.

Det vart på vegne av styret føreteke innstilling av referent, tellekorps og representantar til å underskrive landsmøteprotokollen.

Referent: Inger Lene Nytingnes.

Tellekorps: Harriet M. Terjesen og Nina Klæboe.

Representantar til å signere møteprotokoll: Kari Remseth og Knut Jordheim.

Vedtak: Innkalling og møteorden vart godkjend. Innstilling av møteleiar, bisittar, referent, tellekorps og representantar til å signere møteprotokollen vart godkjend.

## **Sak 2. Årsmelding**

Styreleiar gjekk igjennom punkta i årsmeldinga for 2011. Arkivmeldinga og samarbeid med andre aktørar på arkivfeltet vart veklagd.

Vedtak: Årsmelding vart godkjent.

## **Sak 3. Rekneskap**

Styreleiar gjorde greie for årsrekneskapet for 2011. LLP sitt rekneskap for 2011 syner eit underskot på kroner 390 857.

Underskotet skuldast hovudsakeleg at det 25. mai 2011 vart vedteke av LLP sitt styre å overføre dei resterande midlane i det avslutta OpenArms-prosjektet til Dias-prosjektet som er drifta av Riksarkivaren. Desse midlane utgjorde kroner 355 183. Dette har i LLP sitt rekneskap blitt ført som eit rekneskapsmessig underskot.

LLP sin administrasjon hadde i 2011 eit overskot på kroner 65 755.

Rekneskapet er godkjent av revisor.

Vedtak: Årsrekneskap for 2011 vart godkjent.

## **Sak 4. Fastsettjing av kontingent**

Styret si innstilling var å ikkje auke kontingensten i 2012.

Vedtak: Styret si innstilling vart godkjent.

## **Sak 5. Budsjett**

Styreleiar gjorde greie for budsjettet for 2012 som var utarbeidd av LLP sin administrasjon. Budsjettet er stramma inn med kring 7-8% frå 2012. Det vart stilt spørsmål frå forsamlinga om gjenståande midlar i LLP sine prosjekt. Det vart semje om å kringkaste dette på LLP sine heimesider.

Vedtak: Budsjettet vart godkjent.

## **Sak 6. Handlingsplan**

Styreleiar gjorde greie for LLP sin handlingsplan. På landsmøte i 2011 vart det vedteke at handlingsplanen som vart vedteken då skulle vere gjeldande fram til 2015. Styret innstiller at dette vedtaket vert følgt.

Vedtak: Styret si innstilling vart godkjent. Handlingsplanen skal gjelde til 2015.

## **Sak 7. Val av styre**

Valkomiteen har levert si innstilling til styre.

Vedtak: Valkomiteens innstilling vart godkjent. Forslaget til styre vart vedteke.

**Sak 8. Val av valkomité etter framlegg frå styret**

LLP sitt styre har levert si innstilling til innstilling til valkomité.

Vedtak: Styret si innstilling vart godkjent. Forslaget til valkomité vart vedteke.

**Sak 9. Framlegg fremja av medlemer eller av styret.**

9.1. Framlegg om at LLP opner for personlege medlemskap.

Styreleiar gjorde greie for styret sitt forslag om at LLP opnar for personlege medlemskap.

Dette for å fremje interessa for arkivarbeid og auke oppslutnaden kring LLP sitt arbeid.

Medlemer i forsamlinga diskuterte saka og det vart semje om at ei slik endring vil kreve ei vedtektsendring. Det vart og uttrykt ønskje frå styret om spesifiseringar om avgrensningar vedkomande krav til medlemskap. Det vart bede om at styret utarbeider eit forslag til vedtektsendring. Styret aksepterte dette forslaget.

Vedtak: LLP opnar ikkje for personleg medlemskap i 2012. Styret skal utarbeide eit forslag til vedtektsendring før landsmøtet i 2013.

Landsmøtet vart avslutta kl 13.57

  
Kari Remseth

  
Knut Jordheim